



## Budsjettsøknad 2015 for institusjonar med statleg driftstilskot

### Adresseinformasjon

#### Institusjonen sitt

Namn Norsk Ordbok 2014  
Organisasjonsnummer  
Bankkontonummer 76940511050

#### Besøksadresse

Gaustadalleen 30  
1. etasje  
0315 OSLO

#### Postadresse

Postboks 1021 Blindern  
0315 OSLO

#### Telefon, faks, e-post og URL

Telefonnummer 22854380  
Telefonnummer 22855753  
Telefonnummer 22854391  
Faks 22854381  
E-post ase.wetas@iln.uio.no

#### Kontaktperson

Kontaktperson Åse Wetås  
Telefonnumme 22854380  
E-post ase.wetas@iln.uio.no

### Oppsummering av søknad (alle tal i heile 1000):

Kulturdepartementet, tilskot 2014: 16 674

Budsjettsøknad ordinær drift 2015: 17 074

#### Omsøkte tiltak:

1 Brukarretteiing for Norsk Ordbok 400

Sum omsøkte tiltak: 400

## Mål, strategiar og omtale av verksemda

Statusrapport over den økonomiske stoda.

658

Kulturdepartementet har sidan starten av prosjektet Norsk Ordbok 2014 vist stor velvilje for tiltaket. I 2014 er prosjektorganisasjonen heilt på tampen av arbeidet med oppdraget, men med ein redaktør mindre til rådvelde enn det den opphavlege opptrappingsplanen la opp til, må me som avtalt driva prosjektet to månader inn i 2015 for å fullføra verket.

I den seinaste treårsperioden har utviklinga i løyvinga frå KUD vore slik:

2012: 15 595'

2013: 16 110'

2014: 16 674'

I 2013 hadde prosjektet ein inngåande balanse på kr 845' og eit rekneskapsresultat på kr 179'. I perioden hadde prosjektet lønsutgifter som var kr 1502' høgare enn lønsinntektene. Dette blei dels dekt opp av overføringa frå 2013, dels dekt opp av refusjonsinntekter (kr 294' i perioden) og dels dekt av ei ekstraordinær inntekt frå Språkrådet (til dekning av lønsutgifter NO 2014 har lagt ut for dei i perioden 2011-2013).

I perioden gjorde UiO ei feilføring av prosjektmidlar kr 103' på tiltaket NO 2014. Dette blei ikkje oppdaga og retta på før etter årsskiftet til 2014, men feilføringa gav eit bilete av at prosjektet ville gå mot eit nullresultat, og førde til at me let vera å gjennomføra nokre planlagde aktivitetar mot slutten av året. Då feilen blei oppdaga, blei resultatet kr 103' større enn planlagt.

Budsjettet for 2014 er sett opp i balanse. Dei stipulerte lønsutgiftene er på kr 1,2 mill. meir enn lønsinntektene i same perioden. Fordi alle medarbeidarane i prosjektet i 2014 blir sagde opp frå stillingane sine ved UiO, er det venta at prosjektorganisasjonen kjem til å mista medarbeidarar før prosjektet er fullført. Den stipulerte innsparinga i lønsutgifter vil få rekneskapen for 2014 til å gå i balanse.

I søknaden vår om statstilskott for 2015 vil me søkja om dekning i to månader av lønsutgifter for ein stab med så mange medarbeidarar som prosjektet har nå. Dersom prosjektet mister redaktørar på tampen av prosjektperioden, vil tomme månadsverk innanfor denne ramma måtta fordelast på dei medarbeidarane som er att i organisasjonen for at verket skal bli fullført.

Det er pr. 1.3.14 framleis ingen plan for kven som skal drifta Norsk Ordbok og dei underliggjande språkressursane etter at prosjektet er slutt. Fordi dei tilsette i verksemda blir oppsagde ved prosjektslutt, vil den leksikografiske kompetansen knytt til prosjektorganisasjonen forsvinna. NO 2014 bed difor om ekstra midlar til å utarbeida ei fullstendig brukarretteiing som kan følgja det ferdige verket i både trykt versjon og nettversjon, slik at me kan sikra at denne ressursen følgjer verket.

Formålet med statstilskotet.

659

Føremålet med statstilskotet og det overordna målet med prosjektet NO 2014 er å fullføra det store vitskaplege ordboksverket Norsk Ordbok i 12 band. Verket dokumenterer det norske folkemålet og det nynorske skriftspråket

Prosjektorganisasjonen håper å fullføra trykkmanuskriptet til band 12 til jul i 2014. I januar og februar 2015 vil organisasjonen følgja bandproduksjonen fram til trykt utgjeving, gjera naudsynt arbeid med å sikra at alle artiklar har koplingar, at grunnlagsmaterialet er tilgjengeleg og ryddig og avslutta prosjektorganisasjonen i god skikk.

Føremålet med midlane til brukarretteiing er å gje den trykte ordboka og nettutgåva av verket ein god, instruktiv rettleiingsmanual til erstatning for den mellombels rettleiinga som blei laga i 1994.

Prosjektets hovudmål er å produsera manuskript til Norsk Ordbok i tråd med den avtalte produksjonsplanen. I 2013 ferdigstilte redaksjonen arbeidet med band 11 av ordboka og starta produksjonen av band 12. Band 11 av ordboka dekkjer alfabetbolken frå og med substantivet stø til og med adjektivet tåvrut. Med den redigeringskapasiteten organisasjonen har hatt til rådvelde i produksjonsperioden, blei bandmanuskriptet sendt ut av redaksjonen 5. juli 2013. Ved årsslutt hadde redaksjonen vidare førstegongsredigert 322 sider materiale til band 12. 70,3 av desse sidene hadde i løpet av året gått gjennom alle kvalitetssikringsinstansane i redaksjonen og fått status "Til korrektur".

19.9.13 lanserte NO 2014 band 11 i eit eige arrangement i Trondheim Katedralskoles gamle festsal.

Redaksjonen har i 2013 hatt eit jamt høgt produksjonspress. Det har ført med seg at organisasjonen også i år har måtta prioritera ned nokre av dei delmåla som var sette opp i årsplanen for 2013. Av dei underordna målsettingane har me likevel gjennomført dei organisasjonen har vurdert til å støtta mest konkret opp om produksjon og framdrift. I tillegg er det lagt vekt på å arbeida med tiltak som peikar framover mot nye prosjekt etter 2014.

Redaksjonen gjekk gjennom ei svært krevjande flytting frå Gaustadalleen 25 til nye lokale i Gaustadalleen 30D i pinsehelga 2013. Prosessen fram til endeleg vedtak om kvar ordboksorganisasjonen og dei nynorske samlingane skulle flyttast, var lang og vanskeleg. Etter flyttinga er samlingsmiljøet ved ILN delt på fire lokalitetar. Dette gjer det vanskelegare å oppretthalda den daglege kontakten i fagmiljøet. NO 2014 er særleg avhengige av eit svært tett samarbeid med Eining for digital dokumentasjon (EDD), og for prosjektet ville vore ein føremon om samlokaliseringa av desse to einingane kunne vore vidareført.

Meir detaljert om aktiviteten i 2013:

Redaksjonen nyredigerte til saman 622 sider manuskript til band 11 og 12. Det var lagt opp til ein produksjon på 561,7 sider. Grunnen til at me fekk til dette svært høge produksjonstalet, er at prosjektet i 2013 har hatt svært lite sjukefråvær og få permisjonar. Dermed fekk me så mykje som 26,53 produktive årsverk ut av løyvinga vår, ein auke på 1,03 årsverk jamført med året før.

Redaksjonen arbeider heile tida aktivt med å halda manuskripta innanfor den strenge omfangsdimensjoneringa og har etter kvart etablert gode og velfungerande redaksjonelle rutinar for å møta desse utfordringane. Organiseringa av arbeidet fungerer godt og manuskriptstraumen til hovudredaktør og fram til korrekturstatus er god.

Ved utgangen av 2013 var 28 personar knytte til redaksjonen i redaktørfunksjon. Den eine av desse arbeider 25 % i redaksjonen og er i langvarig utdanningspermisjon i dei resterande 75 %. To redaktørar har gjennom året hatt uløna omsorgspermisjon i mindre stillingsbrøkar, og éin redaktør har i perioden hatt 20 % stillingsreduksjon for skuld ei bistilling ved Høgskulen i Oslo og Akershus. Éin redaktør går i 20 % mellombels pensjonsordning. Éin hovudredaktør har hatt 20 % stillingsreduksjon første halvår 2013 for å leia arbeidet med Språkrådet og ILNs revisjon av Nynorskordboka.

Éin redaksjonsassistent er teken inn i opplæring til redaktør frå og med 15.4.13 og ut året med lønsdekning av overførde refusjonsmidlar frå 2012. To assistentar har i 2013 vore inne i Trondheims-redaksjonen. Den eine av desse har vore finansiert av HF-fakultetet på NTNU, medan den andre har vore NAV-finansiert. Assistentane ved NTNU har i perioden levert verdfulle bidrag i form av redaksjonell støttefunksjon.

Administrasjonen tel tre personar (inkl. prosjektdirektør) fordelte på 3 årsverk, og me har dessutan som tidlegare sett av 1,5 stilling til redaksjonssekretærordning. Den eine redaksjonssekretæren har hatt uløna permisjon i 50 % heile året. Det har vore sett inn vikar i 30 % i permisjonsperioden. Ein av medarbeidarane i administrasjonen var i fødselspermisjon fram til 15.10.13. I perioden var det sett inn vikar i 100 % stilling.

Redaksjonen er svært sårbar for utskiftingar og den største risikofaktoren i prosjektet fram mot slutføring er at me mister ferdig opplærte redaktørar. I 2013 har prosjektet hatt ein stram økonomi, og det har gjort det vanskeleg å kompensera for tapt redaktørtid med ny redaktørarbeidskraft. Som tidlegare år opplever organisasjonen at det er vanskeleg å dekkja opp for vakante redaktørmånadsverk.

Frikjøpet av éin hovudredaktør i 20 % stilling til å leia arbeidet med oppgradering og revisjon av Nynorskordboka og dei administrative oppgåvene som har falle på prosjektet i samband med dette revisjonsarbeidet har i 2013 som året før ført med seg vanskelege avvegingar for NO 2014-organisasjonen. Det har vore viktig å sikra at prosjektet ikkje yter eigne ressursar inn i dette arbeidet, samstundes som oppgraderinga og revisjonen er arbeid som av omsyn til både fagleg styring, rekruttering og framdrift fell inn under arbeidsoppgåvene til det leksikografifaglege miljøet ved ILN.

På utviklingsplanen for 2013 for samarbeidet mellom Eining for digital dokumentasjon (EDD) og NO 2014 stod fullføring av arbeidet med nyskriving av delkomponentar i applikasjonsdatabasen. Utviklingsarbeidet har hatt førsteprioritet i perioden.

NO 2014 har i 2013 også utvida materialet gjennom at det blei lagd inn 16 804 setlar merkte med innleggingsår 2013 i Setelarkivet. Det nynorske tekstkorpuset passerte i desember 2013 100 millionar ord, og i løpet av 2013 har det blitt arbeidd mykje med å vidareutvikla søkjefunksjonaliteten til denne store tekstsamlinga.

I 2013 sette sju redaktørar av tildelte småforskmidlar (til saman kr 100 000) til felles arbeid med digital tilrettelegging av kartdata for publisering i NO 2014s nettutgåve. NO 2014 er svært takksame for at redaktørane vel å bruka småforskmidlane sine til slike fellestiltak.

Me har i 2013 vidareført arbeidet med redaksjonsintern skoloring gjennom interne redaksjonsseminar og fagleg juleseminar. Det er gjennomført 5 redaksjonsseminarsamlingar i 2013, og redaksjonen opplever desse seminara som fagleg svært nyttige. Redaksjonen kunne ikkje avvika ordinært sommarseminar i juni 2013, fordi dette i tid fall saman med sluttarbeidet på band 11, men heile redaksjonen var samla til fagleg juleseminar 5.-6.12.13.

NO 2014s rådgjevande gruppeleiar møte har i 2013 hatt seks møte og drøfta 14 redaksjonelle spørsmål.

I 2013 utgjorde desse styret for Norsk Ordbok 2014: Styreleiar Magnus Rindal, nestleiar Randi Alice Nilsen, Inger-Johanne Ullern (vara Greta Holm har møtt hausten 2013), Edmund Austigard, Unn Røyneland, Christian-Emil S. Ore og Dagfinn Rødningen. Vara Endre Brunstad møtte for Unn Røyneland første halvår 2013. Styret har hatt fire møte og handsama 28 saker.

2013 var eit vellukka formidlingsår og redaksjonen fekk positiv respons i fleire forum. I tillegg til bandlanseringa 19.9.13 arrangerte me saman med DKNVS i Trondheim seminar om arven etter Ivar Aasen som fellestiltak i Språkåret 2013. Redaksjonen har vore representert med foredrag på ni fagseminar og -konferansar i

året som gjekk. I januar 2013 heldt to redaktørar foredrag på NFL-symposiet på Schæffergården og prosjektdirektøren heldt foredrag på fagseminar om Nordisk dialektkorpus ved UiO. Éin redaktør heldt foredrag på SASS-konferansen i San Francisco i mai. Fem medarbeidarar heldt foredrag på Nordisk Foreining for leksikografis konferanse i Oslo i august. To redaktørar heldt foredrag på NO /DKNVS-seminar i Trondheim i september. Éin redaktør heldt foredrag på e-leksikografikonferanse i Tallinn i oktober. Éin redaktør heldt foredrag på Språkrådets Språkdag, prosjektdirektøren heldt foredrag om Ivar Aasen som leksikograf og namnegranskar på eit halvdagsseminar ved Nasjonalbiblioteket, og fire medarbeiarar deltok med til saman sju foredrag på MONS (Møte om norsk språk) i Oslo i november. Til saman har redaksjonen halde 19 faglege innlegg på desse konferansane. Redaksjonen opplever den faglege formidlinga og deltakinga på fagkonferansar som svært meiningsfull, og har i år arbeidd særleg aktivt med formidling av forskinga vår. Høvet til vidare fagleg utvikling er ein viktig føresetnad for at staben greier å halda medarbeidarane motiverte til å møta dei faste og høge produksjonskrava i det daglege.

Éin redaktør og éin redaksjonsassistent under opplæring deltok på Lexicom-kurs i Kivik i juni 2013.

Også i år deltok NO 2014 på Forskingstorget, men dette året hadde me lagt deltakinga vår til Trondheim. I oktober deltok NO 2014 med to foredrag på UiOs fagleg-pedagogiske dag for lærarar frå vidaregåande skule. Slike tiltak gjev positiv merksemd til prosjektet vårt og me prioriterer dei så høgt som råd.

NO 2014 har fått plass i det offisielle programmet for feiringa av Grunnloven i 2014.

## Eigeninntekter og ordinært offentlig driftstilskot

### Eigeninntekter (i heile 1000. 1000=1)

	Rekneskap 2013	Budsjett 2014	Budsjettsøknad 2015
Billettinntekter	404	405	406
Inntekter frå butikken	623	624	625
Inntekter frå kaféen	626	627	628
Inntekter frå andre varer	667	668	669
Inntekter frå utleige av lokale	670	671	672
Inntekter frå andre tenester	673	674	675
Sponsorinntekter	649	650	651
Gåver	652	653	654
Andre eigeninntekter	413	414	415
<b>Totale eigeninntekter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

### Ordinært offentlig driftstilskot frå

	Rekneskap 2013	Budsjett 2014	Budsjettsøknad 2015
Kulturdepartementet	16110 416	16674 417	17074 418
Fylkeskommune(r)	422	423	424
Kommune(r)	425	426	427
Kunnskapsdepartementet	455	456	457
Utanriksdepartementet	473	474	475
Riksantikvaren	632	633	634
Norsk kulturråd	661	662	663
Anna offentlig enn det som er spesifisert her	3840 479	3939 480	676 481
<b>Totalt ordinært off. driftstilskot</b>	<b>19950</b>	<b>20613</b>	<b>17750</b>

Spesifisering av anna offentlig ordinært driftstilskot.

Universitetet i Oslo løyver i 2014 kr 2258' i driftsmidlar til NO 2014-organisasjonen, og i tillegg får organisasjonen kompensasjon for fire årsverk som var faste stillingar ved Institutt for lingvistiske og nordiske studiar, men som har blitt omgjorde til prosjektstillingar etter at dei opphavlege stillingshaldarane har gått av med pensjon. Denne kompensasjonen utgjør i 2014 kr 1680'. For 2015 er driftsmidlar og kompensasjon frå UiO budsjettet for dei to månadene prosjektorganisasjonen etter planen skal vera i drift.

676

## Anna offentleg tilskot

### Anna offentleg tilskot frå

	Rekneskap 2013	Budsjett 2014	Budsjettsøknad 2015
Kulturdepartementet	<input type="text"/> 482	<input type="text"/> 483	<input type="text"/> 484
Fylkeskommune(r)	<input type="text"/> 488	<input type="text"/> 489	<input type="text"/> 490
Kommune(r)	<input type="text"/> 491	<input type="text"/> 492	<input type="text"/> 493
Norsk kulturråd	<input type="text"/> 557	<input type="text"/> 558	<input type="text"/> 559
Kunnskapsdepartementet	<input type="text"/> 521	<input type="text"/> 522	<input type="text"/> 523
Utanriksdepartementet	<input type="text"/> 539	<input type="text"/> 540	<input type="text"/> 541
Riksantikvaren	<input type="text"/> 635	<input type="text"/> 636	<input type="text"/> 637
EU	<input type="text"/> 545	<input type="text"/> 546	<input type="text"/> 547
Innovasjon Noreg	<input type="text"/> 551	<input type="text"/> 552	<input type="text"/> 553
Noregs forskingsråd	<input type="text"/> 554	<input type="text"/> 555	<input type="text"/> 556
Anna offentleg enn det som er spesifisert her	<input type="text"/> 569	<input type="text"/> 570	<input type="text"/> 571
<b>Totalt anna offentleg tilskot</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Totale driftsinntekter</b>	<b>19950</b>	<b>20613</b>	<b>17750</b>

Spesifisering av anna offentleg tilskot.

--

677





## Balanse

### Eigedelar

#### Anleggsmidler

	31/12-2011	31/12-2012	31/12-2013	
Immaterielle eigedelar	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	605
Varige driftsmidler	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	606
Finansielle driftsmidler	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	607
<b>Anleggsmidler totalt</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	

#### Omløpsmidlar

Varer	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	608
Fordringar	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	609
Finansielle investeringar	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	610
Bankinnskot, kontantar o.l.	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	611
<b>Omløpsmidlar totalt</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	
<b>Sum eigedelar</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	

### Eigenkapital og gjeld

#### Eigenkapital

Innskoten eigenkapital	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	612
Opptent eigenkapital	<input type="text"/>	846	179	613
<b>Eigenkapital totalt</b>	<b>0</b>	<b>846</b>	<b>179</b>	

#### Gjeld

Avsetjing til forpliktingar (inkl. off. avgifter og feriepengar)	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	614
Investeringstilskot, prosjekt - KUD og Norsk kulturråd	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	615
Investeringstilskot, prosjekt - andre	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	616
Langsiktig gjeld	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	617
Kortsiktig gjeld	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	618
<b>Gjeld totalt</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	
<b>Sum eigenkapital og gjeld</b>	<b>0</b>	<b>846</b>	<b>179</b>	

Er rekneskapet revidert?

619

Eventuelle kommentarar til rekneskap og balanse. Negativt resultat for året skal kommenterast.

Prosjekteigar for Norsk Ordbok 2014 er Institutt for lingvistiske og nordiske studium ved Universitetet i Oslo. Rekneskapen til NO 2014 er gjennom dette underlagd Riksrevisjonen.

620

Inngåande balanse i 2013 var på 845', m.a. fordi organisasjonen i 2012 hadde store refusjonsinntekter. I 2013 er ein del av desse midlane brukte til å engasjera ein redaksjonsassistent i opplæring. I tillegg er midlane brukte til lønsdekning.

## Søknad om auka midlar til prioriterte tiltak i 2015

Oppsummering av budsjettsøknad i lys av langsiktige planar og strategiar.

Prosjektet Norsk Ordbok 2014 skal etter planen avsluttast til 1.3.2015. Det er førebels uavklart korleis ressursane som er utvikla i prosjektperioden, inkludert ordbase og nettutgåve av verket, skal forvaltast på lang sikt.

401

## Prioriterte tiltak, prioritet nr.: 1

### Prioriterte tiltak (beløp i heile 1000. 1000=1)

Namn på tiltaket	Brukarrettleiing for Norsk Ordbok	01
Søknadsbeløp til KUD for tiltaket i 2015	400	05
Gjeld tiltaket søknad om sikringsmidlar	Nei	06

### Finansieringsplan for tiltaket

#### Finansieringskjelder

	Søknadsbudsjett 2015	
Eigen finansiering		10
Kulturdepartementet	400	13
Norsk kulturråd		33
Fylkeskommune(r)		19
Kommune(r)		22
Andre offentlege		25
Ikkje-offentleg finansiering		28

Hovudomtale og grunngjeving.

Den ferdige ordboka treng ei brukarrettleiing. Den mellombels rettleiinga til verket er frå 1994, og den reflekterer ikkje utviklinga av verket i prosjektperioden. Utviklinga omfattar både endringar i redaksjonell arbeidsform og massiv utbygging av kjeldetilfang.

Rettleiinga må innehalda fullstendig bibliografi, oppdatert omtale av oppbygginga av ordartiklane og forklåringar av avstytingane som er brukte i dei 12 banda. I tillegg må rettleiinga gjera utførleg greie for føringa av målføreopplysningar.

Ei ny brukarrettleiing må planleggast både som elektronisk og trykt publikasjon.



## Oppsummering og kontroll

Stadfest at tala er korrekte.

Ja 655

Har institusjonen sendt separat byggjesøknad til departementet i løpet av det siste året?

Nei 656

Dersom institusjonen har sendt byggjesøknad i løpet av det siste året, må de gi en kort orientering om denne søknaden.

657

Eventuelle andre kommentarar til søknaden.

622

Prosjektet Norsk Ordbok 2014 skal etter planen avsluttast til 1.3.2015. I søknaden om statstilskot for 2015 søker me difor berre om tilskot for dei to første månadene av året. Fordi søknadsportalen autogenerateder søknadssum for budsjettåret 2015 ut frå løyvingar i føregåande år, endar me opp med ein søknadssum som er altfor høg. Me har ikkje høve til å overstyra denne autogeneratedinga, og får dermed dessverre ikkje retta opp det feilgenererte søknadsbeløpet.

Etter avtale med Magnar Nordtug i Kulturvernavdelinga i KUD 25.2.14 leverer me difor frå oss søknaden med ein merknad om at han gjeld ordinært driftstilskot frå KUD pluss det omsøkte tiltaket organisasjonen bed om støtte til, MINUS den summen NO 2014 blir ståande med som driftsresultat for 2015 i portalen (oppgenerert til kr 13 792').

